

BYGG



Dører for ein kvar stil

DØRKATALOG

Gyldig f.o.m. 1. oktober 2023



 Bygg 1 Produkter AS

Industrivegen 32, 6155 Ørsta, Tlf: 70 04 24 90, post@bygg1.no

Symbolforklaring til produkta

- I** Einfløya dør
- D** Dør med sidefelt
- TF** Tofløya dør
- L** Lagervare
- B** Bestillingsvare
- K** Dør kan produserast med kompaktlaminat
- Br** Brann. Kan produserast som EI30
- Lyd** Kan produserast som dB35 eller dB40

Tilgjengelege storleikar:

- 1** 7/8/9/10 x 19/20/21
- 2** 8/9/10 x 19/20/21
- 3** 7/8/9/10 x 20/21
- 4** 8/9/10 x 20/21
- 5** 9/10 x 20/21
- 6** 11/12/13 x 21
- 7** 7/8/9 x 18
- 8** 8/9 x 19
- 9** 10 x 21
- 10** 11 x 21
- 11** 4/5 x 20/21
- 12** 4 x 20/21
- 13** 3 x 20/21
- 14** 13/14/15 x 3/4
- 15** 8/9/10 x 3/4
- 16** 9/10 x 21
- 17** 7 x 19/20
- 18** 13/15/17/19 x 20/21*
- 19** 13-19 x 20/21
- 20** 8/9/10 x 21
- 21** 16/17 x 21
- 22** 8/9x20/21 + 10x21
- 23** 4/5 x 19/20/21
- 24** 3/4/5 x 19/20/21
- 25** 8/9/10 x 20

- TF** Tofløya
- SF** Dør med sidefelt
- HW** Half Window (halvt glas)
- FW** Full Window (heilt glas)
- GL** Dør med glas

* SF/TF er normalt lagerført i storleikane 4x20/21 og 15/17/19x21



Bygg 1 Produkter AS

Bygg1 tilbyr dører og andre byggevarer til forhandlarar, husfirma og entreprenørar. Vi skal vere best på levering og sørvis.

Bygg1 er grossist og samarbeider med produsentar som har lang erfaring med produksjon av dører og andre byggevarer. Vårt moderne lager og kontorbygg ligg sentralt plassert i Ørsta kommune – hjartet av Sunnmørsalpane. Gjennom Ørsta går kyststamvegen E39, som gjer at vi får transportert dørene raskt ut til våre kundar. Effektiv logistikk og mykje varer på lager gjer at vi kan levere innan eit par dagar til store delar av landet.

Vi jobbar kontinuerleg med produktutvikling, og tek atterhald om at produkta kan verte endra i høve til spesifikasjonar som er oppgitt i katalogar og på nett.

Som grossist sel vi ikkje direkte til sluttkunde. På vår heimeside www.bygg1.no finn du oversikt over våre forhandlarar.



Innhold



Innerdører


Kva skal eg velje?.....	05
Bruk farge på dørene for å løfte interiøret.....	06
Teknisk informasjon innerdører.....	07
Formpressa, slette og kompakte dører.....	08
Formpressa og slette glassdører.....	16
Sporfresing og skrånkjering.....	28
Massive furudører.....	30
Massive moderne innerdører.....	32
Massive fyllingsdører.....	38
Slette finerte dører.....	40
Eksklusive massive innerdører.....	42
Karmar til innerdører.....	51
Spar plass med skyvedører!.....	54

Ytterdører

Kva skal eg velje?.....	57
Snitt av våre ytterdører.....	58
Fargar.....	59
Glas.....	59
Minimalistiske ytterdører.....	60
Standard ytterdører i moderne stil.....	63
Standard ytterdører i klassisk still.....	70
Ytterdører med utanpåliggande dekor.....	74
Standard prisgunstige ytterdører.....	76
Standard ytterdører for ekstremt klima.....	77
Dører i andre fargar.....	78
Hald kulda ute og varmen inne.....	80
Ytterdør med langt handtak.....	81
Sidefelt i fastkarm og overlys til ytterdør.....	82

Eksklusive ytterdører

Eksklusive ytterdører.....	89
Konstruksjon.....	90
Tind eksklusive tredører.....	92
Fjell designdører.....	96
Fjord ytterdører.....	101
Tilleggsprisar.....	104
Standard modulmål Tind, Fjell og Fjord.....	105



Øvrige produkt

Øvrige produkt.....	106
Pendeldører.....	107
Prosjekt / Brann og lyd.....	108
Balkongdører.....	112
Ståldører.....	114
Aluminiumsdører.....	116
Byggedører.....	119
Badstudører.....	119
Garasjevindauge.....	119
Hyttedører.....	120
Bod / Garasjedør.....	122
Kottdører.....	124
Loftstigar.....	126
Listverk og foringar.....	128
Tilleggsprodukt.....	131
Dørvridarar.....	134

Informasjon

Vedlikehald.....	136
Transport.....	137
Reklamasjonsrett og garanti.....	137
Prisar.....	138

Vi tek miljøet på alvor!

Miljøfyrtårn

Miljøfyrtårn er eit anerkjent og effektivt verktøy for sertifisering og miljøleing, som bidreg til at Bygg1 skal lykkast med grøn omstilling. Miljøfyrtårn-sertifisering gjer at vi systematisk og kontinuerleg kan gjennomføre effektive og lønsame miljøforbetringar innan områder som arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport.

For oss som bedrift gjev Miljøfyrtårn-sertifiseringa oss eit godt grunnlag for å medverke til fleire av berekraftmåla til FN. Berekraftsmåla fungerer som eit veikart for strategiar på miljø- og samfunnsansvar. For å nå desse måla er vi avhengig av kollektivt ansvar, og konkret handling frå næringslivet.

Grønt Punkt Norge

Vi er med i Grønt Punkt Norge og som vareimportør tek vi miljøansvar ved å delta i ei returordning for brukt emballasje. Vi jobbar aktivt med å redusere unødig emballasje og betalar eit miljøbidrag til Grønt Punkt for emballasjen vi sender ut i den norske marknaden.

Ruteretur

Vi er ein aktiv deltakar i retursystem for kasserte isolerglas med PCB-innhald, slik at avfallet kan takast hand om på ein forsvarleg måte.



Innerdører

Kva skal eg velje?

Ønskjer du ei dør i same stil som resten av romet, eller ønskjer du ein kontrast? Uansett kva du vel vil det påverke det totale uttrykket. Ei glatt dør gir eit stilreint inntrykk og passar i dei fleste moderne miljø. Her kan du velje mellom lette slette, kompakte eller massive dører. Klassisk design passar godt i dei fleste miljø. Massive dører er konstruerte på den tradisjonelle måten – med laminert ramtre og kompakte speil. Kvitmala dører er standard, men kanskje passar ein annan farge meir for din heim?

God - Formpressa og slette lette innerdører

Vi har dører med både klassisk og stilrein utsjånad. Dei lette innerdørene har ein kjerne av honeycomb, og er eit rimeleg alternativ.

Betre - Formpressa og slette kompakte innerdører

Vi har dører med både klassisk og stilrein utsjånad. Dei kompakte innerdørene har ein kjerne av trefiber og betre overflatebehandling. Dørbladet gir betre lyddemping enn dei fleste andre standard innerdører. Kombinasjonen kompakt dør og karm med dempelist gir opp mot 25dB lyddemping.

Best - Massive innerdører




Dører med ramtre av laminert furu, med ytterlag av HDF. Stabile kvalitetsdører med lang levetid. Du kan velje dører med både klassisk og stilrein utsjånad. Flotte dører med tyngde og god kvalitet.

Eksklusive massive innerdører

Dei eksklusive dørene held den aller høgaste kvalitet og er å rekne som eit flott møbel. Du kan velje mellom ein stilrein funkismodell eller ei tradisjonsrik fyllingsdør, mala eller i eik. Produkta er handlaga med laminert ramtre og med ei fantastisk flott overflate. Det er mange val på mellom anna høgde, overflate, fargar, speil osv.

God - Betre - Best

Tre ulike kvalitetsnivå på innerdører



Bruk farge på dørene for å løfte interiøret

Ved å vere kreativ med fargevalet til dine innerdører er det inga grense for kor mykje liv du kan bringe inn i heimen. Fargar påverkar kven vi er - humøret vårt, kjenslene våre og dei kjenneteikna som gjer kvar enkelt av oss unike. Vel du rette fargetonar til dørene på same måte som du vel til veggjar, golv og tekstil, kan du skape den rette stemninga i din heim.

Standard farge på dører og karmar er NCS S 0502-Y.
Det er forskjellig glans på ulike produkttyper, sjå tabell under.



Modell	Farge	Malingstype	Glans
Formpressa innerdører	NCS S 0502-Y	Vassbasert UV	25
Formpressa innerdører	NCS S 0500-N	Vassbasert UV	25
Slette innerdører	NCS S 0502-Y	UV farge	25
Slette innerdører	NCS S 0500-N	UV farge	25
Formpressa innerdører	Spesialfarge	Syreherda maling	25
Slette innerdører	Spesialfarge	Syreherda maling	25

Forslag til fargar:

NCS S 0502-Y Bomull - Standard kvit	NCS S 0500-N Klassisk kvit	NCS S 5030-R80B Blå	NCS S 2070-Y90R Raud
NCS S 4050-R Mørk raud	NCS S 6020-G30Y Grøn	NCS S 3502-B Lys grå	NCS S 6500-N Grå
NCS S 7500-N Mørk grå	RAL 7016 Antrasitt	NCS S 8500-N Dempa svart	NCS S 9000-N Svart

NB: Fargar på trykk kan skilje frå verkelegheita. For eksakt fargenyans hent eit fargekart hos din fargeforhandlar.

Alle fargar er påverka av: malingstype, underlag, påføringsmetode og lyssetting og same farge kan opplevast forskjellig på grunn av dette.

NCS koder med "S": Her er det ein godkjent standard som alle skal følge. Bygg1 garanterer at fargen er innanfor toleransen, målt opp mot denne standarden, små nyanseforskjellar kan forekomme på enkelte fargar. Vi kan ikkje garantere fargelikheit mot andre produsentar. NCS koder utan "S": Dette er koder utan godkjent standard og det kan vi dessverre ikkje levere.

Teknisk informasjon innerdører

Innerdører einfløya

Modul	Utv. karmmålt i cm.	Dørbladmålt i cm.
7	69 x 189/199/209	62,5 x 184/194/204
8	79 x 189/199/209	72,5 x 184/194/204
9	89 x 189/199/209	82,5 x 184/194/204
10	99 x 189/199/209	92,5 x 184/194/204

Innerdør med sidefelt

Modul	Utv. karmmålt i cm.	Dørbladmålt i cm.
12	119 x 199/209	72,5 + 39,5 x 194/204
13	129 x 199/209	82,5 + 39,5 x 194/204
14	139 x 199/209	92,5 + 39,5 x 194/204

Innerdør tofløya


Modul	Utv. karmmålt i cm.	Dørbladmålt i cm.
13	132 x 199/209	62,5 + 62,5 x 194/204
15	152 x 199/209	72,5 + 72,5 x 194/204
17	172 x 199/209	82,5 + 82,5 x 194/204
19	192 x 199/209	92,5 + 92,5 x 194/204

* Vi har toppar og tersklar til tofløya dør i halvmodul M14, M16 og M18 på lager. Det vert då to ulike storleikar på dørblada.

Standardmål på innerdører

I 1972 vart innerdører standardisert og dei fleste produsentar gjekk over til å nytte snap-in hengsler. Skal du bytte dører i eit gammalt hus, kan du nytte denne informasjonen som rettleiing.

- A.** Breidd dørblad:
625, 725, 825, 925 mm
- B.** Høgd dørblad:
1840, 1940, 2040 mm
- C.** Senteravstand mellom hengslar:
1540 mm
- D.** Avstand senter øvre hengsle til topp dørblad:
150/200/250 mm
- E.** Avstand senter nedre hengsle til botn dørblad:
150/200/250 mm



Ramtreet formpressa innerdører

Formpressa dører er i utgangspunktet produserte med høgd M21. For å lage M20 vert det kappet 10 cm nede, slik at avstand mellom fylling og botn/topp er lik. På M19 vert det kappet endå 5cm oppe og nede. Det vert soleis lite avstand mellom botn/topp og fylling på formpressa dører med M19 høgd. Dette gjeld ikkje for massive dører, der er ramtreet likt uavhengig av høgd.

Tofløya innerdør

Dei fleste innerdører kan leverast med sidefelt og som tofløya. Det er montert skåtelås oppe og nede på sidefeltet, som kan skruast laust og lengda på låsebolten kan justerast på innsida. Det følgjer også med to usentrerte sluttstykkje til topp og terskel.



Vi har dører med både klassisk og stilrein utsjånad



Slette kompakte dører i klassisk kvit. Foto: Ivar Vasstveit, Hellvik Hus



Formpressa, slette og kompakte dører

Sjå side 2 for symbolforklaring til produkta.
Prisar finn du på side 26-27.



Anna
Anna Kompakt



Anna TF
Anna TF Kompakt



► Prisar på side 26-27. Øvrige tillegg og prisar på side 138 -139. Prisar er eks. karm og vridar. For modulmål, sjå side 7. For karmar sjå side 51-53.



Ida
Ida Kompakt



Ida SF
Ida SF Kompakt



Ida TF
Ida TF Kompakt



Ida Kompakt KL HV



Ida kompakt dør i farge klassisk kvit NCS S 0500-N



Kari
Kari Kompakt



Kari SF
Kari SF Kompakt



Kari TF
Kari TF Kompakt



Kari Kompakt KL HV



Kari i farge standard kvit NCS S 0502-Y

Ved å vere kreativ med fargevalet til dine innerdører er det inga grense for kor mykje liv du kan bringe inn i heimen



Mia i spesialfarge NCS 2311-B86G



Magnus
Magnus Kompakt*



Magnus TF
Magnus TF Kompakt



Mia
Mia Kompakt



Quatro
Quatro Kompakt*



Quatro SF
Quatro SF Kompakt



Quatro TF
Quatro TF Kompakt



* Kompakt dør lagervare



Sletten
Sletten Kompakt




Sletten SF
Sletten SF Kompakt




SlettenTF
Sletten TF Kompakt




Sletten Kompakt KL HV



Sletten Kompakt Mørk grå



Sletten Kompakt Svart



Sletten Kompakt Dempa svart





Sletten Kompakt Svart NCS S 9000-N. Foto: Lena Refseth @etthjemblirtil

Formpressa og slette glassdører

Vi har dører med både klassisk og stilrein utsjånad. Ved å nytte glassdører aukar romkjensla. Lyset flyt fritt og bind saman to eller fleire rom på ein naturleg måte.

Dei aller fleste av våre dører kan produserast med sidefelt eller som tofløya. Sjå symbolforklaring under kvart produkt. Glassdørene har 4mm klart sikkerheitsglas som standard. Andre typar glas er bestillingsvare

- Dørblada er 40mm tjukke
- NCS S 0502-Y er standard, andre fargar på bestilling
- Sprosser i fargeekte PVC
- Blank 2014 låskasse og kvite snap-in beslag
- Alle modellar kan leverast med spor for skyvedør

Sjå side 2 for symbolforklaring til produkta. Prisar finn du på side 26-27.




Mia HW
Mia HW Kompakt




Mia FW
Mia FW Kompakt



► Prisar på side 26-27. Øvrige tillegg og prisar på side 138 -139. Prisar er eks. karm og vridar. For modulmål, sjå side 7. For karmar sjå side 51-53.





Ved å nytte
glasdører aukar
romkjensla. Lyset
flyt fritt og bind
saman to rom på
ein naturleg måte



Anna HW
Anna HW Kompakt



Anna HW TF
Anna HW TF Kompakt



Anna FW
Anna FW Kompakt



Anna FW TF
Anna FW TF Kompakt





Ida FW
Ida FW Kompakt



Ida FW SF
Ida FW SF Kompakt



Ida FW TF
Ida FW TF Kompakt



Ida FW Kompakt KL HV



Ida FW Kompakt



Ida FW New York
Ida FW New York Kompakt



Ida FW New York SF
Ida FW New York SF Kompakt



Ida FW New York TF
Ida FW New York TF Kompakt



Kari FW
Kari FW Kompakt



Kari FW SF
Kari FW SF Kompakt



Kari FW TF
Kari FW TF Kompakt





Kari HW
Kari HW Kompakt



Kari HW SF
Kari HW SF Kompakt



Kari HW TF
Kari HW TF Kompakt



Kari HW Kompakt KL HV



Kari HW TF i farge standard kvit NCS S 0502-Y



Sletten FW
Sletten FW Kompakt




Sletten FW SF
Sletten FW SF Kompakt



Sletten FW TF
Sletten FW TF Kompakt



Sletten FW Kompakt
KL HV



Sletten FW Kompakt
Mørk grå



Sletten FW Kompakt
Svart



Sletten FW Kompakt
Dempa svart





Sletten HW
Sletten HW Kompakt




Sletten HW SF
Sletten HW SF Kompakt



Sletten HW TF
Sletten HW TF Kompakt



Sletten HW Kompakt
KL HV



Sletten HW Kompakt
Svart





Kari FW SF i fastkarm



Ida FW
SF i fastkarm

I B 12

Ida NY FW
SF i fastkarm

I B 12

Kari HW
SF i fastkarm

I B 12

Kari FW
SF i fastkarm


I B 12

Sletten HW
SF i fastkarm

I B 12

Sletten FW
SF i fastkarm

I B 12



Treng du inspirasjon?

Følg oss på Instagram og Facebook. Der finn du mykje inspirasjon, gode tips og produktnyheiter. Velkomen!

Følg Bygg1 på

Grunnprisar tette dører

Modell	Lette dører		Kompakte dører		Kompakte dører i andre NCS S og RAL fargar	
	m/mva	eks mva	m/mva	eks mva	m/mva	eks mva
Anna	2 369	1 895	3 511	2 809	5 668	4 534
Anna tofløya	5 205	4 164	7 486	5 989	11 798	9 438
Ida (7/8/9/10x19)	2 258	1 806	3 398	2 718	5 554	4 443
Ida (7/8/9/10x20/21)	1 483	1 186	2 745	2 196	4 899	3 919
Ida tofløya / dør med sidefelt	4 981	3 985	7 266	5 813	11 578	9 262
Ida KL HV (7/8/9/10x19)			3 398	2 718		
Ida KL HV (7/8/9/10x20/21)			2 745	2 196		
Ida tofløya / dør med sidefelt KL HV			7 266	5 813		
Kari (7/8/9/10x19)	2 258	1 806	3 398	2 718	5 554	4 443
Kari (7/8/9/10x20/21)	1 483	1 186	2 745	2 196	4 899	3 919
Kari tofløya / dør med sidefelt	4 981	3 985	7 266	5 813	11 578	9 262
Kari KL HV (7/8/9/10x19)			3 398	2 718		
Kari KL HV (7/8/9/10x20/21)			2 745	2 196		
Kari tofløya / dør med sidefelt KL HV			7 266	5 813		
Magnus	2 369	1 895	3 511	2 809	5 668	4 534
Magnus tofløya	5 205	4 164	7 486	5 989	11 798	9 438
Mia	2 258	1 806	3 398	2 718	4 365	4 443
Mia tofløya	4 980	3 984	7 266	5 813	9 100	9 262
Sletten (7/8/9/10x19)	1 418	1 134	2 554	2 043	4 710	3 768
Sletten (7/8/9/10x20/21)	1 081	865	2 313	1 850	4 470	3 576
Sletten tofløya / dør med sidefelt	3 304	2 643	5 583	4 466	9 895	7 916
Sletten KL HV (7/8/9/10x19)			2 554	2 043		
Sletten KL HV (7/8/9/10x20/21)			2 313	1 850		
Sletten tofløya / dør med sidefelt KL HV			5 583	4 466		
Quatro	2 369	1 895	3 511	2 809	5 668	4 534
Quatro tofløya / dør med sidefelt	5 205	4 164	7 486	5 989	11 798	9 438
Ida og Kari som skyvedør	3 105	2 484	4 246	3 397	6 401	5 121
Sletten som skyvedør	2 264	1 811	3 405	2 724	5 563	4 450
Tillegg for andre dører som skyvedør	848	678	848	678	668	678
Tillegg spesialfarge pr. dørblad - Ved større antal enn 4, send førespurnad	2 158	1 726	2 158	1 726	2 158	1 726

Om ikkje modul er beskrevet, er det standard modular som gjeld

KL HV = Klassisk kvit NCS S 0500-N

MGRÅ = Mørk grå NCS S 7500-N

DSOR = Dempa svart NCS S 8500-N

SOR = Svart NCS S 9000-N

Grunnprisar glasdører

Modell	Lette dører		Kompakte dører		Kompakte dører i andre NCS S og RAL fargar	
	m/mva	eks mva	m/mva	eks mva	m/mva	eks mva
Anna HW New York / FW New York	7 905	6 324	9 049	7 239	11 208	8 966
Anna HW New York / FW New York tofløya	16 281	13 025	18 566	14 853	22 880	18 304
Ida FW (7/8/9/10x19 + 7x20/21)	6 728	5 382	7 868	6 294	10 025	8 020
Ida FW (8/9/10x20/21)	6 728	5 382	7 868	6 294	10 025	8 020
Ida FW tofløya / dør med sidefelt	13 920	11 136	16 200	12 960	20 514	16 411
Ida FW KL HV (7/8/9/10x19 + 7x20/21)			7 868	6 294		
Ida FW KL HV (8/9/10x20/21)			7 868	6 294		
Ida FW tofløya / dør med sidefelt KL HV			16 200	12 960		
Ida FW New York	7 905	6 324	9 049	7 239	11 208	8 966
Ida FW New York tofløya / dør med sidefelt	16 281	13 025	18 566	14 853	22 880	18 304
Kari HW/FW (7/8/9/10x19 + 7x20/21)	6 728	5 382	7 868	6 294	10 025	8 020
Kari HW/FW (8/9/10x20/21)	6 728	5 382	7 868	6 294	10 025	8 020
Kari HW/FW tofløya / dør med sidefelt	13 920	11 136	16 200	12 960	20 514	16 411
Kari HW/FW KL HV (7/8/9/10x19 + 7x20/21)			7 868	6 294		
Kari HW/FW KL HV (8/9/10x20/21)			7 868	6 294		
Kari HW/FW tofløya / dør med sidefelt KL HV			16 200	12 960		
Mia HW/FW	6 728	5 382	7 868	6 294	10 025	8 020
Mia HW/FW tofløya	13 920	11 136	16 200	12 960	20 514	16 411
Sletten HW/FW (7/8/9/10x19 + 7x20/21)	6 728	5 382	7 868	6 294	10 025	8 020
Sletten HW/FW (8/9/10x20/21)	6 728	5 382	7 868	6 294	10 025	8 020
Sletten HW/FW tofløya / dør med sidefelt	13 920	11 136	16 200	12 960	20 514	16 411
Sletten HW/FW KL HV (7/8/9/10x19 + 7x20/21)			7 868	6 294		
Sletten HW/FW KL HV (8/9/10x20/21)			7 868	6 294		
Sletten HW/FW tofløya / dør med sidefelt KL HV			16 200	12 960		
Ida FW sidefelt i fastkarm	9 839	7 871	10 980	8 784	14 421	11 537
Ida FW New York sidefelt i fastkarm	10 943	8 754	12 088	9 670	15 528	12 422
Kari HW/FW sidefelt i fastkarm	9 839	7 871	10 980	8 784	14 421	11 537
Sletten HW/FW sidefelt i fastkarm	9 839	7 871	10 980	8 784	14 421	11 537
Tillegg for dør som skyvedør	848	678	848	678		
Tillegg for anna glas (frosta, sota, cotswold, crepi)	1 885	1 508	1 885	1 508		
Tillegg spesialfarge pr. dørblad - Ved større antal enn 4, send forespurnad	2 158	1 726	2 158	1 726	2 158	1 726

Om ikkje modul er beskrevet, er det standard modular som gjeld

KL HV = Klassisk kvit NCS S 0500-N

MGRÅ = Mørk grå NCS S 7500-N

DSOR = Dempa svart NCS S 8500-N

SOR = Svart NCS S 9000-N

Spesialmål, sporfresing og skråskjering

Sletten sporfrest

På bestilling kan vi produsere slette dører med ønska sporfresing i alle tilgjengelege variantar og storleikar. Vi har slett lett dør sporfrest med tre speil på lager i storleikane 7-9 x 18.

Skråskjering av dørblad

Send oss målsett skisse og vi produserer døra etter ditt ønskje.

Det mest vanlege er å nytte Sletten, men vi kan også skråskjere formpressa dører eller massive dører med fylling.

Sjå side 2 for symbolforklaring til produkta.




Sletten sporfrest

L 7



Sletten skråskjert
Sletten skråskjert Kompakt


B



Døme på venstrehengsla dør med utvendige karmål

Grunnprisar

Formpressa og slette innerdører	Grunnpris	
	m/mva	eks mva
Tillegg skråskjering av dørblad og karm pr. sett	10 586	8 469
Sletten sporfrest som Kari inkl. std. karm (7/8/9x18 på lager)	9 289	7 431
Sletten m/std. karm spesialmål lagerført - 7/8/9x18 og 11/12/13x21	5 166	4 133
Sletten skyvedørsblad lagerført - 11/12/13x21	3 679	2 943



På bestilling kan vi produsere slette dører med ønska sporfresing i alle tilgjengelege variantar og storleikar

Massive furudører

Ubehandla furudører er naturleg, miljøvennleg og varig. Vi har furudører med tre og fire speil, med og utan glas. Dørene har splitta og limte fyllingar og ramtre (100mm). Ubehandla furudører bidreg positivt til innemiljøet. Naturlege endringar over tid, som sprekk i og ved kvistar, er naturleg ved bruk av eit levande materiale. Glasdørene har heilt glas med utanpåliggende sprosser i furu. Dei aller fleste av våre dører kan produserast med sidefelt eller som tofløya. Sjå symbolforklaring under kvart produkt.

- Dørblada er 40mm tjukke
- Blank 2014 låskasse og grå snap-in beslag
- Glasdørene har 4mm klart sikkerheitsglas som standard. Andre typar glas er bestillingsvare
- Alle modellar kan leverast med spor for skyvedør

Sjå side 2 for symbolforklaring til produkta.



Bente




Bente SF




Bente TF




Bente FW





Bente FW SF




Bente FW TF


Grunnprisar

Modell	m/mva	eks mva
Bente	3 573	2 858
Bente FW	6 184	4 947
Bente tett med sidefelt / tofløya	7 614	6 091
Bente FW med sidefelt / tofløya	12 839	10 271
Ihne	2 823	2 258
Ihne HW	5 605	4 484
Ihne tett med sidefelt / tofløya	6 115	4 892
Ihne HW med sidefelt / tofløya	11 680	9 344
Tillegg for dør som skyvedør	848	678
Tillegg for anna glas (frosta, sota, cotswold, crepi)	1 885	1 508



Ihne



Ihne SF



Ihne TF



Ihne HW



Ihne HW SF



Ihne HW TF



Massive moderne innerdører

Base er ein serie massive innerdører med moderne og minimalistisk design. Base er ein enklare versjon av den eksklusive Stilserien, med 100mm ramtre og miljøvennleg vassbasert maling. Dei har eit ramtre som er oppbygd av laminert og fingerskjøtt furu med HDF ytterst. Speglane består av foliert trefiberplate eller herda sikkerheitsglas. Glasdørene har ingen glaslist, som gir eit minimalistisk og stilreint uttrykk

- Dørblada er 40mm tjukke
- 2014 låskasse og snap-in beslag
- Bomull NCS S 0502-Y er standard
- Glasdørene har 4mm klart sikkerheitsglas som standard. Andre typar glas er bestillingsvare
- Alle modellar kan leverast med spor for skyvedør


Sjå side 2 for symbolforklaring til produkta.



Base 1 dempa svart



Base 1
 L 1



Base 1 KL HV
 L 1




Base 1 Dempa svart
 L 1



Base 1 SF
 L 12



Base 1 TF
 L 18




Base 1 GL



Base 1 GL SF



Base 1 GL TF



Base 3



Base 3 SF



Base 3 TF





Base 1 GL KL HV
 L 3



Base 1 GL Dempa svart
 L 3



Base 3 GL Dempa svart
 L 3



Base 3 GL
 L 3



Base 3 GL SF
 L 12



Base 3 GL TF
 L 18



Base 4
■ ■ ■ B 1



Base 4 SF
■ B 12



Base 4 TF
■ B 18



Base 4 GL
■ ■ ■ B 3



Base 4 GL SF
■ B 12



Base 4 GL TF
■ ■ B 18




Base 3 glas som skyvedør

Modell	Farge	Malingstype	Glans
Base	NCS S 0502-Y	Vassbasert UV	25
Base	NCS S 0500-N	Vassbasert UV	25
Base	Spesialfarge	Syreherda maling	25

Grunnprisar

Modell	m/mva	eks mva
Base 1	3 125	2 500
Base 1 KL HV	3 125	2 500
Base 1 DSOR	5 284	4 227
Base 1 GL	5 641	4 513
Base 1 GL KL HV	5 641	4 513
Base 1 GL DSOR	7 799	6 239
Base 1 med sidefelt / tofløya	6 721	5 377
Base 1 GL med sidefelt / tofløya	11 749	9 399
Base 3	3 734	2 987
Base 3 GL	6 096	4 877
Base 3 med sidefelt / tofløya	7 939	6 351
Base 3 GL med sidefelt / tofløya	12 663	10 130
Base 4	4 190	3 352
Base 4 GL	6 839	5 471
Base 4 med sidefelt / tofløya	8 860	7 088
Base 4 GL med sidefelt / tofløya	14 160	11 328
Tillegg for dør som skyvedør	848	678
Tillegg for anna glas (frosta, sota, cotswold, crepi)		



Om ikkje modul er beskreve, er det standard modular som gjeld
 KL HV = Klassisk kvit NCS S 0500-N
 MGRÅ = Mørk grå NCS S 7500-N
 DSOR = Dempa svart NCS S 8500-N
 SOR = Svart NCS S 9000-N

► Øvrige tillegg og prisar på side 138-139. Prisar er eks. karm og vridar. For modulmål, sjå side 7. For karmar sjå side 51-53.


Massive fyllingsdører

Nyheit! Klassisk design passar godt i dei fleste miljø. Jonas og Thomas er ein enklare versjon av den eksklusive serien Odin og Sigve, med 100mm ramtre og miljøvennleg vassbasert maling. Massive dører er konstruerte på den tradisjonelle måten – med ramtre og kompakte speil. Ramtreet er av laminert furu, med ytterlag av HDF. Speila er av MDF. Stabile dører med god tyngde og lang levetid. Glasdørene har heilt glas med kraftige utanpåliggende srosser. Srossene bygg ikkje ut og ligg jamt med ramtreet.

- Dørblada er 40mm tjukke
- 2014 låskasse og snap-in beslag
- Glasdørene har 4mm klart sikkerhetsglas som standard. Andre typar glas er bestillingsvare

- Alle modellar kan leverast med spor for skyvedør
- Bomull NCS S 0502-Y er standard

Sjå side 2 for symbolforklaring til produkta.
Prisar finn du på neste side.



Jonas
 L 1



Jonas SF
 B 12



Jonas TF
 B 18



Jonas HW
 L 3



Jonas HW SF
 B 12



Jonas HW TF
 B 18

Grunnprisar

Modell	m/mva	eks mva
Jonas	4 243	3 394
Jonas HW	8 195	6 556
Jonas tett med sidefelt / tofløya	9 333	7 466
Jonas HW med sidefelt / tofløya	18 030	14 424
Thomas	4 961	3 969
Thomas FW	8 195	6 556
Thomas tett med sidefelt / tofløya	10 914	8 731
Thomas FW med sidefelt / tofløya	18 030	14 424
Tillegg for dør som skyvedør	848	678
Tillegg for anna glas (frosta, sota, cotswold, crepi)	1 885	1 508

Modell	Farge	Malingstype	Glans
Jonas og Thomas	NCS S 0502-Y	Vassbasert UV	25
Jonas og Thomas	NCS S 0500-N	Vassbasert UV	25
Jonas og Thomas	Spesialfarge	Syreherda maling	25



Thomas
 L 1



Thomas SF
 B 12



Thomas TF
 B 18



Thomas FW
 L 3



Thomas FW SF
 B 12




Thomas FW TF
 B 18

Slette finerte dører


Nyheit! Slette finerte dører med høg kvalitet

Dørene kan leverast med lett eller kompakt konstruksjon. Overflata som er lakkert som standard, er svært slitesterk og vil vare i lang tid. Dørene kan også spesialbestillast i dei fleste variantar, som ubehandla og med ulike tilbehør, akkurat slik du ønskjer.


Sjå side 2 for symbolforklaring til produkta. Prisar på førespurnad.




Finer av eik




Finer av kvitpigmentert eik




Finer av svartmala eik



Finer av ask




Finer av mahogni



Finer av furu



Finer av valnøtt



Finer av bok





Miljø med slette finerte dører i Valnøtt

Ei glatt dør gir eit stilreint inntrykk og passar i dei fleste miljø. I tillegg til farga dører, kan du velje mellom lette slette eller kompakte dører med finert lakkert overflate.

Her har du mulegheit til å velje noko som set særpreg på din bustad, kontor eller andre lokale. Det er muleg å nytte standard kvite karmar eller karmar laga med same finer som dørbladet.

Vi kan levere ulike treslag og alle dørene er ferdig lakkerte som standard. Utsjånad kan variere under ulike lysforhold og dei ulike treslaga vil ha naturleg variasjon i struktur og mønster.



Snitt slett lett
med finer

Snitt slett kompakt
med finer

Dei eksklusive
dørene held den
aller høgaste
kvalitet og er å
rekne som eit
flott møbel.



Stil1 eik i samspel med spilar av eik. Foto: @borowiak_interior_real_estate. Små bilder av Thor Eik og Odin 3R.


Eksklusive massive innerdører

Våre dører held den aller høgaste kvalitet og er å rekne som eit flott møbel. Du kan velje mellom ein stilrein funkismodell eller ei tradisjonsrik fyllingsdør, mala eller i eik. Dei aller fleste av våre dører kan produserast med sidefelt eller som tofløya. Sjå symbolforklaring under kvart produkt.

- Laminert ramtre (12cm), med breiare ramtre nede (17cm)
- Speil av 12mm MDF
- 4mm HDF på alle flater, kvistfri furu på kantane
- Mala med tre lag syreherda maling
- Bomull NCS S 0502-Y er standard
- Monteringsskrue synleg på glasdør
- Klart glas er standard, vi har også dører med frosta glas på lager
- Alle glas er herda sikkerheitsglas
- 2014 låskasse og snap-in beslag
- Alle modellar kan leverast med spor for skyvedør
- Sidefelt: Vi har Stil 1 glas og Stil 3 glas 4X20/21 på lager
- Alle eikedørene har eit toppstrøk av klarlakk

Sjå side 2 for symbolforklaring til produkta. Prisar finn du på side 49.

Modell	Farge	Malingstype	Glans
Eksklusive innerdører	NCS S 9000-N	Syreherda maling	20
Eksklusive innerdører	NCS S 7500-N	Syreherda maling	20
Eksklusive innerdører	Andre fargar NCS S og RAL	Syreherda maling	35



Stil 1 hjørne



Stil 1 eik hjørne lakkert



Stil 1 furu hjørne ubehandla



Snitt Stil



Snitt Stil Furu



Snitt Stil Eik



Snitt Odin / Sigve



Stil 1 R1



Stil 1 R3




Stil 3



Stil 1



Stil 1 KL HV



Stil 1 Mørk grå NCS S 7500-N



Stil 1 Svart NCS S 9000-N







Stil 1 KL HV levert av Bygg1 i "Eventyrlig oppussing". Foto: Ragnar Hartvig / TMM Produksjon



Stil 3 GL



Stil 3 GL KL HV



Stil 3 GL Mørk grå
NCS S 7500-N



Stil 3 GL Svart
NCS S 9000-N







Stil 1 GL
 L 4 12 18




Stil 1 GL KL HV
 L 4





Stil 1 GL Mørk grå
 NCS S 7500-N
 L 4



Stil 1 GL Svart
 NCS S 9000-N
 L 4




Stil 1 med svart laminat (tavle)
 B 1



Stil 1 Speil
 B 1



Stil 1 Furu ubehandla
 B 1



Stil 1 F1



Stil 1 F3



Stil 1 Eik svart lasur lakkert



Stil 1 Eik



Stil 1 Eik GL



Stil 3 Eik GL



Stil 1 Eik kvitpigmentert





Odin



Odin 3R



Odin FW



Odin, Thor og Sigve er ein serie elegante tradisjonelle innerdører, med same oppbygging som Stil. Odin, Thor og Sigve er **bestillingsvare**. Dørene kan også lagast på spesialmål. Ta kontakt for pristilbod. **Sjå side 2 for symbolforklaring til produkta.**



Sigve



Thor Eik



Thor Eik FW



Grunnprisar massive eksklusive innerdører

Modell	Grunnpris	
	m/mva	eks mva
Stil 1	4 368	3 494
Stil 1 KL HV (7/8/9/10x20/21)	4 368	3 494
Stil 1 mørk grå og svart (7/8/9/10x20/21)	6 525	5 220
Stil 1 med sidefelt / tofløya	9 203	7 362
Stil 1 med sidefelt / tofløya i mørk grå og svart	13 515	10 812
Stil 1 GL	8 661	6 929
Stil 1 GL KL HV (8/9/10x20/21)	8 661	6 929
Stil 1 GL i mørk grå og svart (7/8/9/10x20/21)	10 816	8 653
Stil 1 GL med sidefelt / tofløya	19 285	15 428
Stil 1 GL med sidefelt / tofløya i mørk grå og svart	23 598	18 878
Stil 3	5 469	4 375
Stil 3 med sidefelt / tofløya	11 406	9 125
Stil 3 GL	10 025	8 020
Stil 3 GL KL HV (8/9/10x20/21)	11 491	9 193
Stil 3 GL i mørk grå og svart (7/8/9/10x20/21)	12 181	9 745
Stil 3 GL med sidefelt / tofløya	22 005	17 604
Stil 3 GL med sidefelt / tofløya i mørk grå og svart	26 318	21 054
Stil 1 R1	8 756	7 005
Stil 1 R3	12 236	9 789
Stil 1 F1	8 756	7 005
Stil 1 F3	12 236	9 789
Stil 1 med svart laminat på eine spegelen (tavle)	12 350	9 880
Stil 1 med spegel på ei side	12 350	9 880
Stil 1 Eik	10 145	8 116
Stil 1 Eik GL	16 539	13 231
Stil 3 Eik GL	19 185	15 348
Stil 1 Eik GL med sidefelt / tofløya	36 384	29 107
Stil 3 Eik GL med sidefelt / tofløya	41 675	33 340
Stil 1 Furu ubehandla	6 301	5 041
Stil 1 Furu GL ubehandla	9 769	7 815
Stil 1 Furu ubehandla med sidefelt / tofløya	14 899	11 919
Stil 1 Furu GL ubehandla med sidefelt / tofløya	21 826	17 461
Odin	7 496	5 997
Odin 3R	13 893	11 114
Odin FW	18 654	14 923
Odin FW med sidefelt / tofløya	39 250	31 400
Odin FW SF med fast karm	21 168	16 934
Sigve	7 496	5 997
Thor Eik	24 698	19 758
Thor Eik FW	34 399	27 519
Thor Eik FW med sidefelt / tofløya	73 209	58 567
Tillegg Stil Eik med lasur pr. dørblad	2 205	1 764
Tillegg dører som ikkje er lagerførte med spesialfarge	På forespurnad	

Om ikkje modul er beskrevet, er det standard modular som gjeld.

KL HV = Klassisk kvit NCS S 0500-N
MGRÅ = Mørk grå NCS S 7500-N
DSOR = Dempa svart NCS S 8500-N
SOR = Svart NCS S 9000-N
GL = glas



Stil 3 GL og Stil 1. Foto: Marius Beck Dahle

Karmar til innerdør

Vi leverer 92mm kvitmala karm med HC terskel i eik som standard. Du kan velje flate tersklar utan tillegg i prisen, 14mm underliggande terskel eller 9mm mellomliggande. Vi har karmar med 122mm breidde og spor til foring på lager. Desse vert leverte med standard 92mm HC terskel. **Alle** våre karmar har kvistfri furu på malte sider. Kvite karmar med dempelist har kvit dempelist, grå karmar grå dempelist og svart/ dempa svart svart dempelist.

Modell	Farge	Malingstype	Glans
Karmar til innerdører	NCS S 0502-Y	Vassbasert	25
Karmar til innerdører	NCS S 0500-N	Vassbasert UV	25
Karmar til innerdører	Spesialfarge	Syreherda maling	25




Topp med luftespalte

92mm og 122mm breidde.
Sjå tabellar nedst på sida for krav til luftstrøyming.



Dempelist

Med dempelist i karmen får du redusert støy og ein meir behageleg lyd når du let att døra. Vi rår til dempelist til alle dørbblad.



Svart karm med dempelist

KVITPIGMENTERTE TERSKLAR

Vi har kvitpigmenterte og lakka tersklar i eik på lager i alle variantar



Terskel 14mm underliggande



Terskel 9mm mellomliggande



Terskel std HC mellomliggande

Vi har feielister i eik natur og kvitlasert eik på lager, sjå side 130.

I bygg med balansert ventilasjon må det være luftstrøyming mellom rom med tilluft og rom med avtrekk. Dersom dette skjer i forbindelse med dørene, må ein nytte spalte under dørbildet eller i toppstykket av karmen.

Tersklar	Luftespalte	Toppar	Luftespalte
M7 14mm flat u.liggande	(60,6cm x 1,8cm) = 109 cm ²	M7 Ventilert topp	(41cm x 1,2cm) = 49 cm ²
M8 14mm flat u.liggande	(70,6cm x 1,8cm) = 127 cm ²	M8 Ventilert topp	(51cm x 1,2cm) = 61 cm ²
M9 14mm flat u.liggande	(80,6cm x 1,8cm) = 145 cm ²	M9 Ventilert topp	(61cm x 1,2cm) = 76 cm ²
M10 14mm flat u.liggande	(90,6cm x 1,8cm) = 163 cm ²	M10 Ventilert topp	(71cm x 1,2cm) = 85 cm ²
M7 9mm flat m.liggande	(60,6cm x 0,9cm) = 54,5 cm ²		
M8 9mm flat m.liggande	(70,6cm x 0,9cm) = 63,5 cm ²		
M9 9mm flat m.liggande	(80,6cm x 0,9cm) = 72,5 cm ²		
M10 9mm flat m. liggande	(90,6cm x 0,9cm) = 81,5 cm ²		

KARMSETT I KVIT OG KLASSISK KVIT

Vi har karmar i mange ulike variantar. Under er det eit utval av dei mest brukte karmane til einfløya, tofløya og dør med sidefelt.



Karmsett ID 92mm med HC terskel



Karmsett ID 92mm med dempelist og HC terskel



Karmsett ID 122mm med HC terskel



Karmsett ID 122mm med dempelist og HC terskel



Karmsett ID 92mm med flat 14mm terskel



Karmsett ID 92mm med dempelist og flat 14mm terskel



Karmsett ID 122mm med flat 14mm terskel



Karmsett ID 122mm med dempelist og flat 14mm terskel

KARMSETT I MØRK GRÅ



Karmsett ID 92mm med grå dempelist og HC terskel NCS S 7500-N.



Karmsett ID 122mm med grå dempelist og HC terskel NCS S 7500-N.



Karmsett ID 92mm med grå dempelist og flat 14mm terskel NCS S 7500-N.



Karmsett ID 122mm med grå dempelist og flat 14mm terskel NCS S 7500-N.

KARMSETT I DEMPA SVART



Karmsett ID 92mm med svart dempelist og HC terskel NCS S 8500-N.



Karmsett ID 122mm med svart dempelist og HC terskel NCS S 8500-N.



Karmsett ID 92mm med svart dempelist og flat 14mm terskel NCS S 8500-N.



Karmsett ID 122mm med svart dempelist og flat 14mm terskel NCS S 8500-N.

KARMSETT I SVART



Karmsett ID 92mm med svart dempelist og HC terskel NCS S 9000-N.



Karmsett ID 122mm med svart dempelist og HC terskel NCS S 9000-N.



Karmsett ID 92mm med svart dempelist og flat 14mm terskel NCS S 9000-N.



Karmsett ID 122mm med svart dempelist og flat 14mm terskel NCS S 9000-N.

Vi har listverk og utforingar i svart på lager, sjå side 128.

Grunnprisar karmar

	Karm til enkeltjør		Karm til tofløya/dør med sidefelt		Eikekarm til enkeltjør inkl. dempelist		Eikekarm til tofløya/dør med sidefelt inkl. dempelist	
	m/mva	eks mva	m/mva	eks mva	m/mva	eks mva	m/mva	eks mva
Kvitmala 72mm med dempelist	2 159	1 727	På førespurnad		På førespurnad		På førespurnad	
Kvitmala 92mm	1 266	1 013	2 549	2 039				
Kvitmala 92mm med dempelist	1 724	1 379	3 005	2 404	7 794	6 235	13 248	10 598
Kvitmala 122mm	2 010	1 608	3 968	3 174				
Kvitmala 122mm med dempelist	2 463	1 970	4 423	3 538	På førespurnad		På førespurnad	
Ubehandla furu 92mm med grå dempelist	1 615	1 292	3 005	2 404				
Klassisk kvit NCS S 0500-N 92mm m/demp (7/8/9/10x19/20/21)	1 724	1 379	4 415	3 532				
Klassisk kvit NCS S 0500-N 122mm m/demp (7/8/9/10x19/20/21)	2 346	1 877	5 833	4 666				
Mørk grå NCS S 7500-N 92mm m/demp (7/8/9/10x19/20/21)	3 134	2 507	4 415	3 532				
Mørk grå NCS S 7500-N 122mm m/demp (7/8/9/10x19/20/21)	3 875	3 100	5 833	4 666				
Dempa Svart NCS S 8500-N 92mm m/demp (7/8/9/10x19/20/21)	3 134	2 507	4 415	3 532				
Dempa Svart NCS S 8500-N 122mm m/demp (7/8/9/10x19/20/21)	3 875	3 100	5 833	4 666				
Svart NCS S 9000-N 92mm m/demp (7/8/9/10x19/20/21)	3 134	2 507	4 415	3 532				
Svart NCS S 9000-N 122mm m/demp (7/8/9/10x19/20/21)	3 875	3 100	5 833	4 666				
Terskel 122mm med anslag (HC)	331	265						
Tillegg for kvitlasert terskel	116	93						
Tillegg for topp med luftespalte 92mm	255	204						
Tillegg for topp med luftespalte 122mm	504	403						
Tillegg for spesialbreidde pr. cm. avvik frå 92mm (maks 220 mm)	På førespurnad							
Tillegg for 8stk. Karmhylser	403	322						
Tillegg for 8stk. karmhylser - fabrikkmontert	403	322						

Vi har kvite karmar 92mm og 122mm med dempelist, inkl. karmhylser ferdig montert på lager.

Tersklane er laga av eik og lakka med UV-lakk. Trestruktur og farge på eiketersklar vil variere.

Propper til skåter er festa på sidefeltet og må monterast til slutt, 20 mm.

Karmsider med breidde 72-129mm er forbora med 4 hol pr. karmside.

Karmsider med breidde 130-220mm er forbora med 8 hol pr. karmside.



Spar plass med skyvedører!

Ei hengsla dør tek opp ca. 1,2m² golv-plass og dette arealet kan utnyttast betre ved å nytte skyvedører. Ein får også ein open bustad med større rom-kjensle, og kan samstundes stenge av når ein måtte ønskje.

Skyvedørskassetane er dimensjonerte for dørblad med tjukkeleik opp til 57 mm og vekt opp til 50 kg.

- 3" er for 98 mm ferdig vegg
- 4" er for 123 mm ferdig vegg
- 5" er for 150 mm ferdig vegg
- 6" er for 174 mm ferdig vegg

Vi kan levere skyvedørskassetar på spesialmål, spesialfarge og i eik - ta kontakt for tilbod.



Pocket skyvedørskarm for montering i vegg.

System for utanpåliggende skyvedør

Vi kan også levere forskjellige system for utanpåliggende skyvedørssystem. Det er perfekt for montering på eksisterande vegg eller dersom ein ikkje har plass til tradisjonell skyvedørskasset. Vi lagerfører skinne for skyvedør opp til 60 kg. med kappe som dekker skinna. Kappa er av MDF og er samansett og klar til montering.

Tilgjengelege mål dekkappe og skinne i cm

	M8	M9	M10	M11	M12	M13	2xM8
Skinne	146	166	186	206	226	246	293
Kappe	153	173	193	213	233	253	300

Maling og glans

Modell	Farge	Malingstype	Glans
Skyvedørskasset	NCS S 0502-Y	UV i botn og vassbasert toppstrøk	25
Skyvedørskasset	NCS S 0500-N	UV i botn og vassbasert toppstrøk	25
Skyvedørskasset	Spesialfarge	Syreherda	25
Kappe til skyvedør	NCS S 0502-Y	Vassbasert	30



Utanpåliggende skyvedørskarm med kappe.



Stil 3 i svart NCS S 9000-N med glas som tofløya skyvedører. Foto: kristinstoylen / bymagasinet

NYHEIT!
Vi har skyvedørskarmar i dempa svart og svart på langer!

Skyvedørskarm	M7-M10		M11		M12		M13	
	m/mva	eks mva	m/mva	eks mva	m/mva	eks mva	m/mva	eks mva
4" Ubehandla	3 321	2 657	3 641	2 913	3 963	3 170	4 281	3 425
4" Kvitmala	4 281	3 425	4 603	3 682	4 925	3 940	5 245	4 196
4" Klassisk kvit NCS S 0500-N	5 130	4 104	5 451	4 361	5 773	4 618	6 094	4 875
4" Mørk Grå NCS S 7500-N	7 098	5 678	7 638	6 110	8 164	6 531	8 700	6 960
4" Dempa Svart NCS S 8500-N	7 098	5 678	7 638	6 110	8 164	6 531	8 700	6 960
4" Svart NCS S 9000-N	7 098	5 678	7 638	6 110	8 164	6 531	8 700	6 960
6" Kvitmala	5 899	4 719	6 300	5 040	6 704	5 363	7 109	5 687
6" Klassisk kvit	6 744	5 395	7 148	5 718	7 554	6 043	7 958	6 366
Laust sett Soft - Close*	761	609						
Utanpåliggende inkl. kvit kappe	7 239	5 791	7 239	5 791	8 346	6 677	8 346	6 677

* Soft-Close er berre anbefalt i storleikane M7-M10

	M7	M8	M9	M10	M11	M12	M13
Dørblad (breidde x høgd) cm:	62,5 x 204	72,5 x 204	82,5 x 204	92,5 x 204	102,5 x 204	112,5 x 204	122,5 x 204
Utsparringsmål i vegg (breidde x høgd) cm:	130 x 210	150 x 210	170 x 210	190 x 210	210 x 210	230 x 210	250 x 210

Vi kan skaffe skyvedørskarmar heilt opp til M19 på forespurnad. Dersom dørbladhøgda er 194 cm, må alle ståande delar kappast ned 10 cm i toppen. Som 2-fløya skyvedør monterast to vanlege karmar mot kvarandre. Ved bruk av to standard 1-fløya karmar skal ikkje anslagsborda nyttast. Hugs også å bestille ein stoppar til kvart dørblad og lange dekkklister til toppstykket.



Volda i svart NCS S 9000-N med rørhandtak og stort sidefelt på spesialbreidde. Foto: Marthe Helen Nakken-Heen - @prosjektmulen

Ytterdører

Kva skal eg velje?

Ei god dør skal være vakker, praktisk og holdbar. Den skal også komplettere husets arkitektur, og med ein god konstruksjon vere sikker og fungere optimalt i vårt nordiske klima. Til hovud-inngangsdør kan du velje di eiga særprega løysing; enkeltdør med eller utan sidefelt, eller kva med ei tofløya dør? Kvitmalte dører er standard, men ofte vil ein anna farge gje huset eit flott uttrykk. Vi har ytterdører i ulike kvalitetar og isolasjonsevne. Det er mest vanleg med slett eller sporfrest design, men vi har også dører med utanpåliggende dekor på utsida. Du kan også velje mellom overflate i standard HDF eller kompaktlaminat.

Standard ytterdører

Ytterdører som er funksjonelle og har høg kvalitet. Med heile fire strøk maling på utsette stadar i tillegg til glaslister og sprosser i fargeekte PVC, er dørene behandla for å tole vårt nordiske klima.

God isolasjonsevne med 2-lags glas og 54 mm EPS isolasjon, silikonpakning festa på dørbladet. Ramtre av fingerskjøtt furu og laminert finer (LVL). På begge sider er det limt 0,4 millimeter aluminium og 4 millimeter HDF, kompaktlaminat eller teak finer. Dørene og karmene er grunna med to strøk 2-komponent syreherda maling og eit vassbasert toppstrøk. Toppstrøk på andre fargar enn kvit er også 2-komponent. Karmen på standard ytterdører er 44x105mm, kvistfri, kvitmala og førbera for innfesting. Tersklane er HC godkjend, 25 millimeter, av eik og aluminium.

- Låskasse Assa 8765 – Forsikringsgodkjend
- Sylindar TV5596C matt krom – Forsikringsgodkjend
- Sluttstykke LP712 – Forsikringsgodkjend
- Hengslene er justerbare F-3248-110 TMKS Zn med bakkantsikring og klarlakk for ekstra holdbarheit


Prisgunstige ytterdører

Bodø, Kjeller, Utvik, Odde og Moss er dører med stort sett lik oppbygging og behandling som standard ytterdører. Låskasse Assa 565, sylindar TV5545, sluttstykke Assa 1887-2 FG.


Eksklusive ytterdører

Robuste ytterdører med høg kvalitet og eineståande isoleringsevne. Konstruksjonen gjer at isoleringsevna vert betydeleg betre enn på standard ytterdører. U-verdien på dørene er frå 0,57 til 0,98 og kan nyttast i hus bygde etter passivhus-standard. Dørene er isolerte med 79 millimeter EPS grafitt. Glaset er energisparande 3-lags isolerglas med argongass og selektivt belegg. Sjå meir informasjon på side 89.


Snitt av våre ytterdører




Snitt YD STD



Snitt YD STD med kompaktlaminat



Snitt YD Forus



Snitt YD Prisgunstig













Lat ytterdøra bli eit designelement

Inngangspartiet og ytterdøra er huset sin velkomst. Personleg smak og arkitektur har betydning når du skal velje dører til ditt hus. Ei dør med mala overflate gir inngangspartiet og huset eit løft, anten med ein nøytral farge eller som ein kontrast. Tofløya dører er praktiske og gir samstundes eit eksklusivt inntrykk. Våre dører kan bestillast på alle standardiserte NCS S / RAL fargekodar. Ytterdørene har slett innside og bomull (NCS S 0502-Y) som standard.



Modell	Farge	Malingstype	Glans
Standard ytterdører	NCS S 0502-Y	Vassbasert	25
Standard ytterdører	Spesialfarge	Syreherda maling	20

Basisfargar ytterdører

			
NCS S 0502-Y Bomull - Standard kvit	NCS S 0500-N Klassisk kvit	NCS S 5030-R80B Blå	NCS S 2070-Y90R Raud
			
NCS S 4050-R Mørk raud	NCS S 6020-G30Y Grøn	NCS S 3502-B Lys grå	NCS S 6500-N Grå
			
NCS S 7500-N Mørk grå	RAL 7016 Antrasitt	NCS S 8500-N Dempa svart	NCS S 9000-N Svart

NB: Fargar på trykk kan skilje frå verkelegheita. For eksakt fargenyans hent eit fargekart hos din fargeforhandlar.

